

MØTEPROTOKOLL

GULEN KOMMUNE

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådsalen, kommunehuset i Eivindvik
Møtedato: 11.03.2010 **Tid:** kl 10.30 – 14.15

Desse deltok: Ordførar Trude Brosvik (Krf), Anne-Marit Brekken Oppedal (Ap), Dagfinn Midtun (V), Øyvind Lid (Sp) og Ivar Eide (H)

Frå administrasjonen møtte: Rådmann Martin W. Kulild og ass. rådmann Harald Haugejorden

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller til saklista.
Møtebok frå førre møte vart godkjend.

BKK presenterte Energiutgreiing for Gulen kommune (rev. 2009) den første timen av møtet.

Sakliste:

- 7/10 SKRIV OG MELDINGAR
- 8/10 PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN STEINE-SLØVÅG-SKIPAVIK
2010-2013
- 9/10 HØYRING - FYLKESKOMMUNALT RUTETILBOD MED BÅT FRÅ
01.05.2012
- 10/10 NÆRINGSFONDET - FESTIVALEN "UTKANT'10"
- 11/10
- 12/10 } B. SAK
- 13/10
- 14/10

Rett utskrift:

Utskrifter:

Hovudutskrift av møteprotokoll er sendt til:

Kontrollutvalet, revisjonen, medlemmer/varamedlemmer, rådmannen, lokalavisene Firda, Strilen, Nordhordland, Ytre Sogn.

Saknummer: 10/139
Løpenummer: 995/10
Arkivkode: 033 &17
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
7/10	Formannskapet	11.03.2010

SKRIV OG MELDINGAR

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

-

Oversyn over framlagde skriv og meldingar:

1. Avfall frå Sløvåg – kopi av skriv frå Alexela Sløvåg AS, datert 02.03.10
2. Avfall frå Sløvåg – kopi av skriv frå Wergeland-Halsvik AS, datert 02.03.10
3. Behandling av avfall - rapport frå Wergeland-Halsvik AS, datert 01.03.10
4. Infomøte for utanlandske arbeidstakarar – invitasjon til møte på Byrknes 01.03.10
5. Mobildekning på Verkland – skriv til Telenor, datert 08.02.10
6. Referat frå møte 27.01.10 i HAFS Regionråd
7. Referat frå styremøte 05.02.10 i Regionrådet Nordhordland IKS
8. Referat frå møte 09.02.10 i Gulen kyrkjelege fellesråd

Behandling og vedtak i Formannskapet, 11.03.2010:

Merknader:

Ingen merknader.

Saknummer: 10/74
Løpenummer: 996/10
Arkivkode: 143
Saksbehandlar: Kjell A. Reigstad

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
8/10	Formannskapet	11.03.2010

PLANPROGRAM, KOMMUNEDELPLAN STEINE-SLØVÅG-SKIPAVIK 2010-13

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Adresseliste

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Planprogram for kommunedelplan Steine - Sløvåg – Skipavika

Ikkje utsende vedlegg:

- LOV-1985-06-14-77, Plan og bygningslova (PBL 2008)
- FOR-2005-04-01-276, Forskrift om konsekvensutredning (KU 2009)
- Kommuneplanen sin samfunnsdelen 2007 - 2020
- Kommuneplanen sin arealdelen 2008 - 2020
- Gjeldande kommunedelplan for Steine – Sløvåg 1993
- Gjeldande reguleringsplanar innan planavgrensing
- Gjeldande kommunedelplan for trafikksikring
- Planprogram for kommuneplan
- Økonomiplan 2010 - 2013
- Handlingsplan 2010 – 2013
- Ksak 65/09 Reglement for delegering - revisjon

Saksutgreiing:

I samsvar med vedteke handlingsplan har administrasjonen starta opp planarbeid for kommunedelplan Steine – Sløvåg som den fyrste i rekkja av åtte planar.

Planlagd revisjon er i:

- 2010 Kommunedelplan for Steine - Sløvåg
- 2010 Kommunedelplan for Eivindvik
- 2011 Kommunedelplan for Brekke
- 2011 Kommunedelplan for Dalsøyra
- 2012 Kommunedelplan for Byrknes
- 2012 Kommunedelplan for Ytre Oppedal
- 2013 Kommunedelplan for Haveland / Nordgulen og Nese
- 2013 Kommunedelplan for Indre Oppedal

I kommuneplanen – revisjon 1999 vart det skildra i § 6.1 Revisjon av kommunedelplanane for arealbruk at Steine – Sløvåg vert å utvide med Eide og Fivelsdalen.

Administrasjonen foreslår å revidere dagens arealdelplanar som kommunedelplanar i staden av områderegulering, som er ny ifølgje PBL 2009.

Grunngjevinga er at,

- Kommunedelplan treng ikkje same detaljnivå som skildra i områderegulering
- Revisjon av kommunedelplan vert mindre omfattande
- Det er ikkje trong for direkte byggesøknad innanfor dei ulike arealføremåla i kommunedelplanen, for kvart av områda skal det lagast detaljreguleringsplan.
- Områderegulering gjev betre muligheter for ivaretaking og klagerett, men dette vert teke i vare i detaljreguleringa som er neste steg i planarbeid.
- Samla gjev dette kortare prosess tid for arbeidet med kommunedelplanen

Vedlagt planprogram gjev rettleiing til utarbeiding av planrapport og kommunedelplanen sin arealdelen for utvida planavgrensing av Steine – Sløvåg – Skipavik.


Kommunedelplan for Steine - Sløvåg er sist vedteke i sak 118/93 den 25.10.1993 med planidentitet 1411 1993 001. Arealplanen ligg sør i Gulen kommune.

Gjeldande kommunedelplan omfattar 18 120 daa. Vi foreslår i planprogrammet å utvide planen nordvest over til Skipavika og involvere strandsonedelen av Sandøy og Fivelsdal.

I dette framlegget til planprogram er grense for plan utvida til også å omfatte område langs nye vegen Sløvåg – Ånneland og noverande veg Eidsbotn – Fivelsdal. Dette vert grunngjeve med at planen får ei meir naturleg avgrensing.

Ny kommunedelplan med planidentitet 1411 2010 001 vil ha arealstorleik på 48 390 daa. Innanfor planområdet ligg fleire reguleringsplanar.

Plankart:



Hovudføremål og utfordringar:

- å sikre gode og tilstrekkelege areal for industri- og næringsutvikling innanfor planområdet,
- å setje av område for bustadbygging,
- å setje av område for fleirbrukshall eller liknande,
- å vurdere område for fritidsbustader,
- å avklare buffersone mellom dei ulike områda.

I planprosessen vert samarbeid med næringsliv, bygdefolk og dialog med nabokommunen Masfjorden viktig. Med utvikling i søre del av kommunen kjem mulighet for å vurdere utvikling av eit nytt bygdesenter.

Fyrste tiltak i planarbeidet:

- vedtak oppstart planprogrammet, mars 2010
- grendamøte, torsdag 25. mars 2010, i Eidsbotn barnehage
- høyring og offentleg ettersyn av planprogram (minst 6 veker), frist 23. april 2010
- nærare administrative utgreiing i intern - og referansegruppe
- Godkjenning av planprogram i Kommunestyret, mai 2010
- framlegg kommunedelplan som 1. gongs handsaming, haust 2010

Framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-13, § 4-1 og § 5-2, vedtek Gulen kommune at planprogrammet til kommunedelplanen Steine-Sløvåg-Skipavika skal leggest ut til høyring og offentleg ettersyn, samt at det vert kunngjort oppstart av planarbeid med kommunedelplanen.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 11.03.2010:

Nye framlegg:

Frå Trude Brosvik (KRF):

Tillegg: Det vert å invitere Masfjorden kommune til å ha ein parallell prosess på arealplanen deira frå grensa til Hosteland.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak, med tillegg frå Brosvik (KRF), vert godkjent.

Etter dette er vedtaket slik:

1. I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-13, § 4-1 og § 5-2, vedtek Gulen kommune at planprogrammet til kommunedelplanen Steine-Sløvåg-Skipavika skal leggest ut til høyring og offentleg ettersyn, samt at det vert kunngjort oppstart av planarbeid med kommunedelplanen.
2. Det vert å invitere Masfjorden kommune til å ha ein parallell prosess på arealplanen deira frå grensa til Hosteland.

Saknummer: 10/147
Løpenummer: 997/10
Arkivkode: N02
Saksbehandlar: Trude Brosvik

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
9/10	Formannskapet	11.03.2010

HØYRING - FYLKESKOMMUNALT RUTETILBOD MED BÅT FRÅ 01.05.2012

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Sogn og fjordane fylkeskommune, Samferdselsavd., Askedalen 2, 6863 Leikanger

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Høyringskriv m/vedlegg, datert 25.02.10

Saksutgreiing:

Aktuelle kommunar i Sogn og Fjordane er invitert til å kome med fråsegn til høyringsframlegg om det fylkeskommunale båtrutetilbodet frå 01.05.2012.

Høyringsframlegget, som har kort frist, inneber ein del endringar. Administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å førebu saka, og ho vert difor lagt fram utan tilråding.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 11.03.2010:

Nye framlegg:

Etter å ha fått nokre få innspel om endringar, la ordførar Trude Brosvik fram slikt framlegg til fråsegn:

Båtrute-tilbodet er avgjerande viktig for at dei som bur på øyene skal få del i tenestetilbodet elles i kommunen, fylket og samfunnet for øvrig. Ein må difor lengst mogeleg ivareta behovet for å kome til eige kommunesenter, men også regionsenter.

Båtrutene er også viktige for at næringslivet på øyene skal fungere. Td. gardsbruk, småskala reiseliv mm. Det er altså ikkje berre tale om at dei på øya skal kome seg til fastlandet, men også at folk skal kome seg til øya og tilbake.

Det er stor skilnad frå å vere avhengig av båt i forhold til å bu på fastlandet. Det er få båtar tilgjengeleg for "taxi-oppdrag", og der det er det, så er det heilt andre prisar ein snakkar om.

Det er også rimeleg å minne om at svært få kommunar på fastlandet vert utfordra til å vere med å spleise på kostnadane med bussruter.

Å erstatte vanlege ruter med tilrettelagd transport eller service-skyss for dei som treng det, er også vanskeleg å få til for øyene pga. den høge kostnaden.

Gulen kommune ser det som positivt at fylket prøver å greie ut eit system som er meir rettferdig i forhold til kva skyss den enkelte har krav på, og kva den enkelte kommune må betale.

Vi meiner også at ein variabel som skulle vore vurdert er kor stor del av innbyggjarane i den enkelte kommune som bur på øyer / treng båtruta.

Det er også eit poeng at båtruta vil ta innbyggjarane til kommunesenteret. For nokre vil det ikkje gje tilgang til tenester som spesialbutikkar, sjukehus eller korrespondanse med bussar / båtar til denne typen senter.

Vi meiner det er viktig å ta omsyn til at bygderuta med båt skal ha korrespondanse inn og ut av eige fylke. Derfor meiner vi at siste rute på Torneroseruta til Solund på ettermiddag er eit klart fylkeskommunalt ansvar.

Vidare meiner vi at ein må søke å oppretthalde den fleksibiliteten som ein lokalt har i ruta med tingings-stopp. Slik at td. Hille har stogg når dei som bur der skal reise, ikkje nødvendigvis onsdag viss det er det som står i ruteheftet. Dette må la seg lett gjere dei stadane båten går forbi og ikkje må ta ekstraturar for å få det til.

Gulen kommune vil vere interessert i opsjon på fleire ruter td. på kabelferja til Hisarøy, enn det som går fram av oppsettet. Det reknar vi med å kome attende til i eige møte.

Dersom anbodet vert utforma slik at kommunen kan bestille ekstra opsjonsturar til ein kjent kostnad (pr. km innanfor eit tidsrom), vil det vere lettare for kommunen å tilby betre ordningar for område der det er få personar. Vi ber om at ein vurderer ei anbodsform som gjev rom for dette.

For Gulen sin del har vi fleire som bur på utan vegsamband, og som ikkje har båtskyss pr i dag.

Fonna, 5 fastbuande, 3 ulike kaiar. Berre ein kai har anløp. 3 personar utan tilbod.

Vikane, ein familie på 3. Vil utløyse skuleskyss om eit eller to år..

Vassøy, 1 person (blir no serva av Tornerose utan at det står i ruteheftet)

Svinøy, 1 person (tilsvarande Vassøy)

Hausevika, 1 person

På Hisarøy bur det ca 40 personar. På Gulen sin del av Torneroseruta, som også servar dei store øyane; Byrknes, Mjømna og Sandøy bur det ca 480 personar.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Brosvik (KRF) sitt framlegg vert godkjent.

Saknummer: 10/75
Løpenummer: 998/10
Arkivkode: U01
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
10/10	Formannskapet	11.03.2010

NÆRINGSFONDET - FESTIVALEN "UTKANT 10"

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Stiftinga Utkant v/Viggo Randal, 5977 Ånneland

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Søknaden, innstempla 03.02.10

Ikkje utsende vedlegg:

- Vedlegg til søknad
- Utbetalingsanmodning m/vedlegg, innstempla 03.02.10
- F-sak 20/09, 41/08, 44/07

Saksutgreiing:

Det vert søkt om kr 100 000 i tilskot frå næringsfondet i samband med avvikling av festivalen Utkant 10 på Skjerjehamn 29. juli – 1. august. Programmet er i første rekkje kunstutstillingar og eit variert og særst interessant konsertprogram med både kjende og mindre kjende artistar. Festivalen er den fjerde i rekkja.

Administrasjonen meiner Utkant 10, utanom å vere ei framifrå kulturhending, er eit veldig godt marknadsførings- og reiselivstiltak med god næringsmessig verdi. Tilsvarande festival i fjor fekk difor kr 50 000 frå næringsfondet. Tiltaket er i tråd med satsingsområdet Infrastruktur/Næringsliv i kommuneplanen sin samfunnsdel, der kultur- og reiselivsbaserte næringar er nemnd som satsingsområde.

Utkant 10 vert arrangert av ei eiga stifting, som tek heile den økonomiske risikoen ved tiltaket. Budsjettet er på om lag kr 2,2 mill. I fjor balanserte inntekter og utgifter på eit nivå rett under kr 2 mill.

Tilrådinga vert å gje eit tilskot til tiltaket, med ein storleik som tilseier at tiltaket har høg prioritet. Det vert lagt opp til å fråvike eit viktig prinsipp for næringsfondet, ved at tilskotet

vert tilrådd utbetalt på førehand, mot innsending av sluttrapport m/rekneskap etter festivalslutt. Søkjar bed om dette på grunn av at festivalar frå i år må betale artisthonorar på førehand.

Framlegg til vedtak:

1. Gulen kommune gjev Stiftinga Utkant eit tilskot på inntil kr 50 000 frå næringsfondet til gjennomføring av festivalen Utkant 10 frå 29. juli til 1. august 2010.
2. Tilskotet vert utbetalt på førehand, på vilkår av at ein kort sluttrapport m/rekneskap vert send til kommunen seinast 3 mnd. etter festivalen.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 11.03.2010:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.